

Til:

1. tr. Ingve Håland	Tjemslandshagen 2	4360	VARHAUG
2. tr. Cecilie Middelthon Skretting	Elgane 3	4360	VARHAUG
3. tr. Eldbjørg Engelsvoll	Ringvegen 34	4360	VARHAUG
4. tr. Kjersti Eeg Aanestad	Opstadvegen 481	4360	VARHAUG
5. tr. Jan Erik Vagle	Svanevegen 11	4360	VARHAUG
6. tr. Lill Marete Egge Lye	Spurvevegen 3	4360	VARHAUG
7. tr. Sigbjørg Nord-Varhaug	Nord-Varhaugvegen 152	4360	VARHAUG
vararep. 1. tr. Line Iren Auestad	Hålandsvegen 173	4360	VARHAUG
vararep. 2. tr. Møyfrid Hobberstad	Eikevegen 11	4360	VARHAUG
vararep. 3. tr. Tormod Nord-Varhaug	Nord-Varhauvegen 100	4360	VARHAUG
vararep. 4. tr. Johanne D. Aanestad	Tjeldvegen 4	4360	VARHAUG
vararep. 5. tr. Yvonne Håland	Klokkarmarka 2	4360	VARHAUG
vararep. 6. tr. Margunn Aarrestad	Løehagen 2	4360	VARHAUG
vararep. 7. tr. Tove-Elin Hobberstad	Edlandsvegen 1	4365	NÆRBØ

Dykkar ref.

Vår ref.
17/30511 KSAArkivkode
035 A20Dato
06.10.2017**Varhaug skule - referat frå møte i FAU - 02.10.2017**

Dato: 02.10.2017

Tid: 18.00

Stad: Varhaug skule, møterommet

Tilstades: Åse Margrethe F. Nair, Linda Eilen Viste Bø, Eldbjørg Engelsvoll, Lill-Marete Egge Lye og Johan Omland

Saker:**14/17** Godkjenning av innkalling

Innkallinga kom ikkje til alle. Jan Erik Vagle hadde ikkje motteke innkallinga på e-post. Skulen sjekkar kva som kan vera feil.

15/17 Bruk av Chromebook og PC på skulen.

Det har kome innspel frå foreldre som er spørjande til bruken. Skulen informerte etter beste evne på foreldremøta, men all informasjonen har ikkje kome fram. På heimesida til skulen finn ein svar på det meste, ofte stilte spørsmål:

<https://www.ha.no/varhaug-skule/f/p8/i7cd34884-a701-48ac-ab0a-94538e2f2dca/ofte-stilte-sporsmal-om-g-suite-og-chromebook-i-ha-kommune.pdf>

Johan informerer om dette i eit informasjonsskriv før haustferien.

16/17 Reflekskonkurransen og «bli sett» opplegg.

NAF og FAU vil arrangera eit opplegg for alle trinn den 25. oktober. Ca. 20 minutt på kvart trinn. Reflekskonkurransen på skulen. Oppstart 19. oktober (Refleksens dag frå Trygg trafikk <https://www.tryggtrafikk.no/tema/refleks/>). FAU kjem med forslag på premiering og organisering.

Hellvik hus vil sponsa dette med 2.500,- til innkjøp av refleksvestar. Skulen sjekkar kor mykje det kostar med vestar til 2. - 7. trinn. 1. trinn får/har fått.

17/17 Nytt om bygging

Skulen skal koma med innspel/ønskjer til arkitekt innan 4. oktober. Johan gjekk gjennom innspela som har kome frå personalet ved skulen. Viss FAU og SU har innspel på korleis det nye bygget skal utformast, må innspela koma innan 3. oktober.

18/17 Oppveksmiljøet på Varhaug.

Varhaug ungdomsskule, Varhaug Idrettslag og Varhaug skule har starta eit samarbeid for å sjå på kva me saman kan gjera for oppveksmiljøet på Varhaug. Idrettslaget er på tilbodssida med anlegg og anna me skular kan bruka. Skulane skal utarbeida ei ønskeliste. Dette er eit kjempebra tilbod og syner at VIL tek sitt samfunnsansvar på alvor. Varhaug skule held på å utarbeida ei "ønskeliste". Her tenkjer me breitt, alt frå frukost til praktiske gjeremål og klatring.

9/17 Foreldremøta.

For at me skal verta betre, ønskjer me tilbakemelding frå foreldra. Eit enkelt spørjeskjema er sendt ut, og FAU/SU kan gjerne supplera med fleire innspel. Både positive og negative innspel er ønskja. Foreldra svarer stort sett positivt på innhald og lengd, men det varierer litt mellom dei ulike laga. Skulen tek alle svar til etterretning.

Det er ønskjeleg at dette vert gjort etter kvart foreldremøte, og at me informerer om undersøkinga på møta.

FAU ønskjer eit ekstra spørsmål som synleggjer tilbakemelding på det som var felles og det som var på dei ulike trinna.

I tillegg ønska foreldra at me hadde ei saksliste til den delen som er på trinna. Klassekontaktane og kontaktlærar hjelper kvarandre med å styra møtet slik at det ikkje dreg ut.

Med helsing
Hå kommune

Johan Omland
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur